



Tomta på Eikelandet er ingen pryd slik ho ligg i dag

Etter at Geir Rusten overtok selskapet, har det kome nytt liv i bustadprosjektet på Eikelandet. No har Sagvåg Invest, som prosjektet framleis heiter, søkt om dispensasjon for avstanden til fylkesveg 48.

Dispensasjonen gjeld for kaiutviding til 64 meter lengde og 5 meter breidde samt 4 båtutliggjarar. Avstanden til fylkesvegen er 26 meter til nærmaste kant av utvidinga. Kaia ligg om lag 5 meter under vegnivå og er knytt til bustadprosjektet.

Saksbehandlar Jon Harald Kjærland opplyser at kommunen er positiv til dispensasjon då det ikkje vil påvirke siktthøve. Kaia vert knytt opp til bustadprosjektet slik at det ikkje vert meir trafikk enn det bustadane utløyser. Kjærland har no sendt søknaden om dispensasjon over til Statens vegvesen til handsaming.

Rusten har også søkt om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse og dispensasjon frå byggjegransen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Prosjektet blir framleis marknadført som Hardangerfjord Brygge